

 SELJORD KOMMUNE	INTERNKONTROLL HMS	Vedteke av AMU 04.10.2011.
	Rutine for oppfølging av sjukemeldte	

Denne rutinen skal nyttast ved oppfølginga av sjukemeldte.

Namn: _____

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar	Dato
Fyrste dag	Den som er sjuk skal gje melding om fråværet til avdelingsleiar eller den som er i staden for denne. Dette gjeld både ved eigenmelding og ved sjukmelding frå lege. Dersom det er mogeleg, skal ein også seie noko om kor lenge ein reknar med at fråværet vil vare. <i>Klikk her for: Eigenmeldingsskjema</i>	Arbeids- takar	
Fyrste 2 veker	Dersom fråværet vert forlenga utover det som vart rekna med ved første melding, skal arbeidstakar informere avdelingsleiar så snart som råd.	Arbeids- takar	
Innan 2 veker	Avdelingsleiar tek kontakt med den sjukemeldte for å høyre korleis det går, når ein forventar å kome tilbake i arbeid, og om det er aktuelt med tiltak frå arbeidsgjevar si side.	Avdelings- leiar	
Innan 3 veker	Avdelingsleiar tek kontakt med den sjukemeldte og avtalar tidspunkt for oppfølgingssamtale.	Avdelings- leiar	
Fortløpande i sjukemeldingsperioden	Oppfølgingssamtaler Dersom den sjukemeldte er gradert sjukemeldt og det vert gjeve høve til arbeidsrelatert aktivitet i sjukemeldingsperioden, skal arbeidsgjevar og arbeidstakar bli einige om korleis dette skal gjennomførast Ved behov for tilrettelegging på arbeidsplassen, skal søknad om tilretteleggingstilskott sendast til personalsjef som vidaresender til NAV. <i>Klikk her for: Søknadsskjema</i> Fortløpande vurdering av om eksisterande opplegg skal vidareførast, eller om det er behov for andre tiltak.	Avdelings- leiar	



SELJORD
KOMMUNE

INTERNKONTROLL HMS

Rutine for oppfølging av sjukemeldte

Vedteke av AMU
04.10.2011.

Innan 4 veker	Oppfølgingsplan Avdelingsleiar skal skrive ein individuell oppfølgingsplan saman med den sjukemeldte innan 4 veker. <i>Klikk her for:</i> Oppfylgingsplan	Avdelingsleiar og den sjukemeldte	
Innan 7 veker	Dialogmøte 1. Dersom ein regner det som sannsynleg at pasienten blir friskmeldt veldig snarleg kan dette møte kuttast ut. Avdelingsleiar kallar inn til dialogmøte 1, seinast innan 7 veker. I dette møtet skal den sjukemeldt, ein representant for bedriftshelsetenesta, avdelingsleiar og sjukemeldande lege delta. Oppfølgingsplan og rapport frå dialogmøte 1 skal sendas NAV anten elektronisk via altinn.no eller pr post, <i>hugs å laste ned forside på nav.no</i> . Kopi sendast til personalsjefen og fastlege/sjukemeldande lege. <i>Klikk her for:</i> Mal for rapport frå dialogmøte	Avdelingsleiar	
Innan 26 veker	Dialogmøte 2. NAV kallar arbeidsgjevar og arbeidstakar inn til dialogmøte 2. Arbeidsgjevar må sende inn revidert oppfylgingsplan seinast 1 veke i forkant. Viktig å dokumentere kva som er prøvd ut av tiltak og tilpassing på arbeidsplassen - kvifor/kvifor ikkje. Fokusområdet i møtet er å finne løysingar som gjer at den sjukemeldte kan koma tilbake i gradert/fullt arbeid raskast mogleg. Fastlegen og/eller bedriftshelsetenesta kan inviterast til møte dersom ein ynskjer det. Den tilsette har rett til å taka med tillitsvald.	NAV	
Ved 12 månader	Arbeidsgjevar/-takar kan ta initiativ til Dialogmøte 3. Den sjukemeldte bør i forkant vere i kontakt med NAV for å få vurdert behov for å søke om rehabilitering eller arbeidsretta tiltak. Lønnsopphør, rett til sjukepengar fell bort. Saka overføres til personalsjef.	Avdelingsleiar	



**SELJORD
KOMMUNE**

INTERNKONTROLL HMS

Rutine for oppfølging av sjukemeldte

Vedteke av AMU
04.10.2011.

Innan 21 månader	Det skal skriftleg informeras om at stillinga vil opphøre dersom det ikkje er aktuelt å kome tilbake til eigen eller annan stilling i kommunen.	Personal- sjef	
Etter 24 månader fortløpande sjukefråvær	Arbeidsforholdet vert avslutta formelt dersom den sjukemeldte ikkje er inne i eit opplegg der det er mogeleg for, heilt eller delvis, å koma tilbake i eksisterande eller ny stilling i kommunen.	Personal- sjef .	